

The image shows a close-up of a building's exterior. The upper portion is made of vertical wooden planks, showing signs of weathering and discoloration. Below the wood is a section of corrugated metal, which is also weathered and has some rust. The bottom of the image shows a stone wall and some green plants, suggesting an outdoor setting. The lighting is warm and directional, creating strong shadows and highlights.

I lydarlæte

SIVERT HOLMEN

I lydarlæte

Knitrande eld. Folk sit med bøygd hovud. Saman i eit rom, men åleine i seg sjølv. Saman og åleine i musikken som blir måla fram i det eine hjørnet av rommet. Det har mørkna ute, og det svake lyset frå den opne elden teiknar skuggar oppetter den grove veggkledninga. Fela kvilar mot bringa, fingrane leikar over strengene. Stemninga i stova er andektig – her sit folk og lyttar. Lyttar til låttane som Krøsshaugen manar fram. Desse underleg rare, fine og vemodsfylde låttane.

Slik førestiller eg meg lydarlæte, ein særeigen musikktradisjon frå Valdres, med ein distinkt lyttesituasjon *før* ein starta med konsertar på hardingfele. Ein har spelt lydarlæte i Valdres heilt sidan starten av 1800-talet – ein speltradisjon som var til lytting, lyding, ikkje dans – i ei tid då slåttespelet på hardingfele elles var knytt til dans eller seremoni.

Eg trur noko av grunnen til at eg er så glad i lydarlæte er at musikken opnar opp for lengre tankar. Låttane går i eit roleg tempo, med plass til detaljar og musikalske omvegar.

Musikken på dette albumet består av nokre av desse lydarlåttane – mange av dei kan ein føre attende til Lars. M. Krøsshau (1785-1830) som peikar seg ut som ein av dei fyrste som spelte lydarlæte. Eg likar å tenkje på han som grunnleggjaren av lydarlæte.

Totalt har eg talt opp 47 lydarlåttar frå Valdres basert på Sven Nyhus *Lyarlåttene frå Valdres* (1996), ein upublisert oversikt over Valdresspel av Kjellbjørn Karsrud, samt Laura Ellestad sitt masterarbeid frå 2014. Eg har på denne utgjevinga spelt inn ti av desse låttane, i tillegg til nokre ferespel. Ferespel har fungert, og fungerer, som introar, bru mellom låttar eller oppvarmingar til både danselæte og lydarlæte.

Sivert Holmen - hardingfele, hardanger d'amore



Låttane

1. Smedalslåttan

Smedalen er namnet på eit dalføre på Filefjell og det var her den gamle stavkyrkja St. Thomaskyrkja stod som vart reist på 1200-talet. Smedalen skal ha vore busett fram til svartedauden, men dalen var også eit naturleg samlingspunkt for folk frå både Lærdal, Årdal, Hemsedal og Valdres. Låtten er ein systerlått av St. Thomasklukkanlåttan. Eg har lært låttan frå opptak av Ola Nilsson Lie (1898-1957).

2. Ferespel

Improvisert ferespel på vanleg stille.

3. Ukserautvariasjon

Hardingfeleplater har ei tendens til å bli ljose i klangen, stort sett med hardingfeler stemde rundt H/C, noko eg ønskte å bryte opp litt. Her spelar eg Ukserauten i ei improvisert form på hardanger d'amore. Eg har også spelt inn Ukserauten på plata «Jotunheimen» (TA247).

4. Ferespel etter Torstein Røyne

Torstein Knutsson Røyne (1765-1830) er av dei eldste spelemennene ein kjenner til frå Valdres. Dette ferespelet har antakeleg vore ein av hans signaturar. Eg har lært det frå opptak med Haldor Røyne (1908-1979).

5. Lydarlått etter Haldor Røyne

Denne låttan har verkeleg noko heilt spesielt ved seg, slik Haldor Røyne spelte han – ein nydeleg tonalitet og heilt spesiell langeleikaktig ornamentikk. Eg har lært låttan på opptak med Haldor Røyne, og forsøkt å både ta vare på og vidareutvikle stilen hans. Røyne kalla låttan for ein lydarlått etter Ola Okshovd, som også var læremeisteren hans.

6. Sjugurd

Dette er ingen lydarlåt, men ein bonde, soleis bryt han med konseptet lydarlæte, men han får ein plass på denne lydarlåt-plata fordi han også står nedskrive i den viktige utgjevinga *lydarlåtene i Valdres* frå 1996 av Sven Nyhus. Dessutan synest eg det er eit praktdøme på bondelæte som både er inspirert av gangarspelet frå Telemark og Rudl-spelet frå Voss og Hardanger. Eg har låtten på opptak etter Olav Moe (1872-1967).

7. Guro

Guro går også under namnet *Lydarlåt etter Lars Krøsshau og Ho Guro*, og det var Nils Beitoaugen (1863-1927) som sette namnet *Guro* på låtten. Med tanke på namnetilknyttinga til Krøsshau og at låtten dukkar opp i Beito hjå Nils Beitoaugen, når ein veit at Lars L. Krøsshau (1812-1888) flytte dit og tok med seg den musikalske arven etter far sin, er det rimeleg å anta at også dette er ein låt som Lars M. Krøsshau sette eit solid preg på, eller laga.

Namnet «Guro» skal stamme frå ein gong Nils Beitoaugen sat og spelte på Vestre Ukshovd. Då kom tenestejente Guro Gullbakke frå Sjøk inn medan han spelte låtten: «Ho drog seg innåt spelemannen kan du veta. Så spurde jenta kva låtten heitte. Me får vel kalle han Guro, då, veit eg, sa Beitoaugen» (Johanna Fuglesteig i *Anna – tradisjonsong frå Valdres* frå 1995, s. 131). Om det var Guro som drog seg innåt, omvendt, eller ein kombinasjon, treng ein kanskje ikkje spekulere for mykje i, men eg legg fram tanken.

8. Seint o kveldo, tidle o medno

Låttane på huldrestille (a-d´-f#´-e´´) har ein spesiell monoton klang, med ein nærast konstant klingande bordun med den omstemde a-strengen (f#). Denne låtten har eg på notenedskrift etter Embrik Beitoaugen (1893-1963) (transkribert av Sven Nyhus). Synnøve S. Bjørset (f. 1979) si innspeling av låtten har vore ein viktig inspirasjon (TA77).

9. Ferespel etter Jøger Sagahaugen

Dette ferespelet av/etter Jøger Sagahaugen (1816-1898) har eg frå opptak med Olav Hegge (1910-1974). Stilistisk var det mange likheitstrekk i spelet til Olav Hegge og søskenbarnet hans, Haldor Røyne.

10. Siste låtten Krøsshaugen lét

Mange av låttane etter Krøsshaugen levde vidare, men livssoga hans fekk ein brå slutt. På veg frå eit speleoppdrag til eit anna, nord i Vang, hadde han fått for mykje innanbords:

Men de' var ivfullt mange tå drammo, o då han gofa gjekk, so va'n nokolite på, o sprang o dansa oppover Eidssvingen. De' va de' siste dei såg te hono. På Strøndaise gjekk han nie o vart burte. De' tok engon dagen før dei fønno like att. Men då dei fønno de' sat han på bøtte i vatne me' feleskrine i høndn, so han skulde sete o låte. (Frå Ødegaard Gamalt fraa Valdres 7 (1932), s. 78)

Den siste låtten han lét før han la i veg oppover Eidssvingen, har blitt heitande *Siste låtten Krøsshaugen lét*.

11. Huldrelått frå Vang

Meloditema i denne er det same som ein finn i Grihamaren, men der Grihamaren går på «gorrlaus» (f-d'-a'-e"), går denne på huldrestille. Også denne låtten kan ein kople til Lars M. Krøsshauk.

12. Lydarlått etter Ola Okshovd

Dette er den einaste lydarlåttan i valdrestradisjon som går på ljøsblått (g-d'-a'-d"). Andris A. Dahle (1925-1995), som er lydkjelda mi, spelte også låtten på låg bas. Låtten har klare likheitstrekk med ein halling etter Sigurd Eldegard (1893-1963), blant anna innspelt som «Eldegard» av Erlend Viken trio.

13. Lydarlått på veldig låg bas

På eit nydeleg arkivopptak med Torleiv Bolstad (1915-1979), gjort av Sven Nyhus, får Bolstad spørsmål om kva han kallar felestillet «nedstilt bas», kor Bolstad svarar: «Nedstemd bas, enn frå veldig gamalt, låg bas, i Valdres». Nyhus svarar med: «Det var den same bassen, altså?» (noko det sjølv sagt var), men på denne låtten er det ikkje snakk om same bassen. Her spelar eg nemleg låtten på ei hardanger d'amore med C-strengen som låg bass, soleis kling låtten ein sekst mørkare enn om ein har ein vanleg nedstilt fele i H – derav namnet «lydarlått på veldig låg bas».

14. Etterspel

Improvisert etterspel på felestillet nedstilt hanse-håkun (f-c'-a'-e") .



Takk

Ein stor takk til Dextra Musica, Annbjørg Lien og Jens Schønning Gladheim for lån av instrument.

Utgjeve med støtte frå Norsk kulturfond, Sparebankstiftelsen DNB, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Øystre Slidre spel- og dansarlag, Valdreskvelven spel- og dansarlag og Valdres folkemusikklag.

Metadata

Albumtittel: I lydarlæte

Artist: Sivert Holmen, hardingfele, hardanger d'amore

Innspelt: Hallingdal, desember 2023

Innspeiling, miksing og mastering: Tor Magne Hallibakken

Produsent: Sivert Holmen

Foto: Anne Marte Før

Grafisk formgjeving digitalcover: Eva Karlsson

Grafisk oppsett booklet: Melovitten

Plateselskap: Melovitten

Katalognummer: MV619A

Lansering album digitalt: 5. april 2024

Utgjevinga er også ein del av dobbeltvinylen "Stillheitas diskotek" som lanserast juni 2024.

Sporliste

1. **Smedalslåten** (03:34)
2. **Ferespel** (01:07) *Improvisasjon av Sivert Holmen*
3. **Ukserautvariasjon** (02:49)
4. **Ferespel etter Torstein Røyne** (02:25)
5. **Lydarlått etter Haldor Røyne** (03:15)
6. **Sjugurd** (03:39)
7. **Guro** (03:16)
8. **Seint o kveldo, tidle o medno** (02:25)
9. **Ferespel etter Jøger Sagahaugen** (00:59)
10. **Siste låten Krøsshaugen lét** (02:38)
11. **Huldrelått frå Vang** (03:00)
12. **Lydarlått etter Ola Okshovd** (03:05)
13. **Lydarlått på veldig låg bas** (02:20)
14. **Etterspel** (00:46) *Improvisasjon av Sivert Holmen*